



Kirsti Kaldhussæter som jegaren som streva med å treffe - både det eine og det andre.



Barne-tv med Raske Menn sin heilt spesielle versjon av eventyret Rødhette og ulven. Ola Grønningsæter, Eirik Eliassen og Kaj Arne Kleiva.



Arne Krohn og Ragnhild Solli Grønningsæter som ekteparet som snakkar forbi kvarandre.



Kirsti Kaldhussæter, Ragnhild Solli Grønningsæter og Elisabeth Grønningsæter - tre muntre damer som opna framsyninga.



Nyhende som ikkje var nyhende likevel men historia til Norddal, med dei tre ikkje fullt så raske kvinnene Solgunn Kleiva, Ingrid Aune Hjelle og Anita Eliassen.



Oddmund Dalhus, kveldens beste som lensmannen i Norddal.

# Laurdagskveld med NIL-kanalen

Ein alternativ kveld framfor fjernsynet sto på programmet på NIL-festen påskeaftan. Det vart ein kveld der publikum i salen fekk trimma lattermuskulane både vel og lenge.

Britt Ingunn Maurstad  
britt@storfjordnytt.no

NIL-festen påskeaftan har blitt ein tradisjon i Norddal, og er ei viktig inntektskjelde for idrettslaget, i tillegg til eit høve til både å bli underholdt og å få seg ein fest.

## På omsorgsbustaden

Programmet på arrangementet i år var deilig fritt for innslag på bekostning av einskildpersonar slik det har vore tilløp til tidlegare år. I staden var det ei salig blanding av sketsjar dei har lånt av andre og eigenprodusert stoff. Tre eldre damer godt spelt av Kirsti Kaldhussæter, Ragnhild Solli Grønningsæter og Elisabeth Grønningsæter, opna showet med ein song der dei kommenterte alt frå pilletrilling, avføring og toalettvanar til kor strengt det er på omsorgsbustaden der både Jägermeister, akevitt og anna må gøymast godt og aller helst gravast ned under ei buske.

## Ungeproduksjon

Etter matpausa som tradisjonen tru var rett etter opningsnummeret, var NIL-kanalen i gang med kveldens sending. Første program var sjølvsgatt barne-tv der Norddal/Eidsdals-versjonen av

Raske Menn framførte ein noko spesiell versjon av Rødhette og ulven, ein versjon der Rødhette var ein nokså promiskuøs figur som gjerne ønskte ulven velkommen.

## Distriktsnytt

Neste programpost skulle vere "Distriktsnytt for Norddal", men ettersom det var for få nyhende i bygda til å fylle heile programposten, vart det i staden bygda si historie på fem minutt. Ifølgje hallodama var det tre ikkje så kvikke kvinnfolk som sto for dette innslaget. Solgunn Kleiva var forteljar, medan Ingrid Aune Hjelle og Anita Eliassen dramatiserte. I Norddal har livet stort sett bestått av fruktdyrking, landbruk, å lage ungar og å bryggje øl og i Norddalsstranda rasar det stein. Sjølv om bygda har hatt, og har, ymse anna slik som turistar i Herdalen, taksteinproduksjon, sal av hyttetomter og The Happy End, kom forteljaren stadig tilbake til dei faste gjeremåla som fruktdyrking, landbruk, ungeproduksjon, ølbrygging og steinrasing. Eit artig innslag framført med mykje sjarm og humor.

NIL-kanalen var nesten utan reklame, men berre nesten. Det vart vist ein reklamefilm for The Happy End, der vi fekk sjå korleis The Happy End redda jula for ein utflytta norddaling i byen og vi fekk opplyst at det var tekstforfattaren sjølv som las i arkivopptak. Reklamesnutten slutta med "...dagen er ikkje heilt den same utan..."

## Kylling, lutefisk og kondomar

Då hallodama skulle til å intro-

dusere programposten fjernsynskjøkkenet, kom ein kylling fykande ut frå scena og flykta gjennom salen med kokken etter seg, dermed vart det ikkje tilbereding av kyllingfilet denne gongen, det vart heller ein sketsj om lutefisk og kondomar. Ekteparet i sketsjen gjer som ektepar flest og snakkar forbi kvarandre i staden for med kvarandre. Kona (Ragnhild Solli Grønningsæter) hadde funne ein utgått pakke med lutefisk innerst i kjøleskapet, mannen (Arne Krohn) hadde funne ein utgått pakke kondomar i ei skuffe - og slikt blir det forviklingar av når ho snakkar om lutefisk ho sjølv etter 30 år i Norddal ikkje likar så godt og han om sengekosen som det etter 30 års ekteskap er så vanskeleg å få.

## Bom bom bom og PPPiB og T

Neste program var "Ut i naturen" der kveldens tema var jakt. Jegeren, i Kirsti Kaldhussæter sin skikkelse, song om kor vanskeleg livet til ein jeger er, med bom bom bom heile vegen. Å treffe er ikkje så lett gjort som det er sagt, song jegeren og sikta til å treffe med ustyret sitt, både på hjorten og kjerringa heime – bom bom bom.

Så var det tid for Dagsnytt der hovudsaka var den store og noko tvilsame æra med verdsarvstatusen og dette med å ta vare på kulturlandskapet. Derfor hadde dei gjort ein vri på nyheitene og laga ei eiga sending om tre, "Trenytt". Det var dei tre kvikke karane som sto for sendinga med tre i fokus og med besøk av "du grøne glitrande" i studio. Etter

nyheitene er det som kjent vèrmelding. Oddmund Dalhus drog frå gardinene og konstaterte at dagens vèr var ganske mørkt før fjernsynskveldens heldt fram med "Fakta på laurdag". Temaet i kveld var det nye servicehjørnet på Joker, PPPiB og T som står for Pillera, Post og Politi i Butikk og Tipping. Ragnhild Solli Grønningsæter var den stakkars tilsette som skifta hatt alt etter kva kunden trengte — og ho veksla mellom Piller og Tipping fleire gonger inntil ein ranar kom inn i butikken. Han måtte pent stille seg i kø, for ho hadde tippehatten på og ran sorterer jo som kjent under kategorien bank. Då det vart ranaren sin tur, fekk ho òg teke i bruk politihua og arrestert ranaren. Som passende straff vart han idømt tre sesongar som trakkevakt. Litt alvor var det òg, Alfred Nilsen sin "Arven" vart vist på skjermen, der vi fekk sjå vakre bilete til musikk av Nilsen sjølv.

## Politimeister Oddmund

Så introduserte hallodama neste programpost, ein framtidsvisjon om korleis det vil sjå ut på indre fjordstrok når stadig færre folk må dele på stadig fleire roller. Vi tok turen til Norddal politidistrikt der NIL-kanalen intervjuar politimeister Oddmund, den einaste tilsette på stasjonen og også einaste innbyggjar i distriktet. Oddmund Dalhus var etter mi meining kveldens beste i rolla som politimeisteren, når han levande skildra korleis han hadde det på jobb med fartskontroll av seg sjølv, razzia mot seg sjølv, personalfest med seg sjølv og ymse anna. Politimeisteren sa

han hadde ein oppklaringsprosent på 32 og når han vart spurt om kvifor oppklaringsprosenten var så låg når det var han sjølv som sto for lovbrota, kom svaret kontant: Eg er ikkje så god å få tak i, veit du.

## Bryllupstale og trim

Siste programpost i tv-sendinga var eit nytt program i ein serie kalt "Tale for dagen" og i kveld var det bryllupstalen, altså fars tale til dottera, som var tema. Arne Krohn var den lett forvirra faren som hadde lagt att både tale og briller på kjøkkenbenken og måtte ta talen på sparket. Det skulle han nok ikkje ha gjort, for far ga sleivspark til både si fråskilde kone og hennar nye mann, sin nye kjærast og ikkje minst mor til brudgommen som han innrømte å ha vore bortpå sjølv i sin ungdom. — Eg var no ikkje så mykje heime i barndommen din, men eg var iallfall heime den dagen du vart laga, og det skjedde på kjøkkenbenken, kunne han fortelje før dei tre eldre damene som drog i gang programmet kom attende på scena og avslutta det heile med litt trim.

## Ny komité

Så vart neste års komité lest opp før lokalet vart rydda og gjort klart for dans inn i natta med bandet Replay. Ein sær sars triveleg kveld var det på grendahuset i Norddal og årets komité kan rose seg med eit godt arrangement, iallfall så langt som Storfjordnytt sin medarbeidar følgde det.